

## Midtre Haram Storvald SA

### Årsmelding 2021 - 17.driftsår

Andre år i fjerde driftsplanperioden i storvaldet hatt styret hatt denne samansetjinga:

Anders E. Leine	Leiar
Arne Skaar	Nestleiar
Even Otterlei	Kasserar
Caroline Valde	Sekretær
Kristin H. Breivik	Styremedlem

I 2021 har det vore halde eit fysisk styremøte, eit årsmøte og eit utandørs jegermøte.

Styremøtet var forberedande møte til årsmøte, i tillegg er det kontinuerleg dialog på Messenger gruppa til styret undervegs i jakta. Denne korrespondansen går stort sett på talet tilleggsløyver som er ute til ei kvar tid, for å avpasse mot vedteke avskytingsmål.

Leiar er med i mail-gruppe med dei andre storvalda i Ålesund Kommune. Det har ikkje vore mykje aktivitet i dette forumet i 2021, men litt rundt manglande initiativ frå kommunen i samband med hjorteteljning.

Vi starta våren med vårteljning, datoane var 23.april, 30.april og 7.mai. Teljingane var forholdsvis lik med slik det har vore dei siste åra, med unntak av midt-teljninga som var rekord sidan 2018 teljinga.

Det vart gjort tre teljingar p.g.a. mykje snø i indre strøk i april.

Sidan det var noko auke i teljingane vedtok eit samstemt årsmøtet å auke avskytinga med 5% frå 2020, for så å ta ny vurdering på årsmøtet for 2021.

Teljingane blir utførte av medlemmer frå styret og frivillige jegerar i nærområdet.

Område	2015		2016		2017		2018		2019		2020		2021		
	18.apr	01.mai			13.apr	29.apr	14.apr	01.mai	13.apr	27.apr	17.apr	01.mai	23.apr	30.apr	07.mai
Slyngstad/Tennford	59	38	64	66	45	70	59	76	100	40	56	64	78	92	78
Samfjord/Helland	39	47	55	74	37	56	53	88	61	25	56	52	53	69	36
Skår/Ertresvåg/Vatneiet	94	103	95	107	62	56	96	110	85	108	109	61	93	124	71
<b>SUM:</b>	192	188	214	247	144	182	208	274	246	173	221	177	224	285	185

Samarbeidet med dei enkelte jaktfelte er stort sett godt. Rapporteringa av skotne dyr og slaktevekt har stort sett kome inn i tide, med nokre unntak.

Sett hjort registrering har vore følgt opp gjennom heile jakta, det må veldig ofte sendast ut påminning til jeger/jaktfeltleder. Dette er unødvendig mas, som burde gå av seg sjølv etter så mange år.

Det er oppdaga noko rot i registrering, manglande rapportering av vekt, forskjellig vekter (til MHS og registrering), feilregistrert felt dyr og jaktdagar utan felte dyr er ikkje registrert.

Skal ein jakte og forvalte hjortevilt skal ein forhalda seg til dette!  
I 2021 har vi også registrert felte rådyr i hjorteviltregisteret.

Veret under jakta i 2021 var godt i starten, men veldig ruskete i november. Snøen kom seint i november og låg heilt til jula nærma seg. Det har som vanleg vore skote mykje dyr i fullmåneperiodane, men kanskje mindre enn i gjennomsnitt år. Frå jaktfelte blir det rapportert litt ulikt med tanke på hjorteobservasjonar, der nokre jaktfelt observerer meir enn normalt, og andre mindre enn normalt. Det er tydeleg at det kom mykje dyr på trekk då snøen kom.

I 2021 vart det felt 120 hjortar og 3 rådyr i heile Midtre Haram Storvald. Dette er 8 fleire enn 2020 sesongen og 3 dyr meir enn avskyttingsmålet vedtatt på årsmøtet. Vi ligg altså etter 2021 sesongen 8 dyr framom målet i denne driftsplanperioden, men det er heilt greitt. Max avvik frå år til år er 10%, altså 11 løyver. Vi måtte være rasjonelle med tilleggdyr sidan det vart skote veldig mykje dyr i starten av jakta, det vart operert med venteliste på tilleggdyr, og slept ut løyver puljevis.

Under jakta 2021 har det blitt meldt inn eit ettersøk etter ein påskotnen hjort. Ettersøksjeger var kontakta, men dyret vart ikkje funne. Ettersøksjegerar var i år Even Otterlei, Yngve Ramnestad og Tor Johan Hatlehol.

Når ein ser på snittvekt er det viktig å tenke på at vi prøver å luke vekk dei minste og svakaste dyra, dette får sjølvsagt innverknad på snittvektene.

Kalve vekta er omtrent slik som gjennomsnittet har vore, framleis noko lav, men det var heile 4 kalvar under 15kg som dreg ned. Fjorskolle vekta er heilt i toppsjiktet, nesten på nivå med rekordåra 2005 og 2014.

Ein kan sjå at vektor på spissbukk er heilt på topp sidan vi starta med storvald, aldri før har vi hatt så høg snittvekt.

Vekta på EK har vore stabilt bra dei siste åra.

Tabell for snittvekt:

Snittvekt	Kalv	FK	SB	EK	EB
2005	25,8	46,2	48,6	53,1	77,4
2006	25,6	41,9	45,8	53,8	65,4
2007	24,4	43,3	45,8	54,1	72,5
2008	24,3	41,0	46,3	53,2	83,2
2009	24,0	40,7	48,9	54,8	83,9
2010	23,3	40,9	46,0	54,9	70,5
2011	23,8	39,5	43,2	52,7	69,9
2012	26,2	41,8	45,1	56,5	78,0
2013	25,1	40,6	47,0	52,7	79,0
2014	23,7	45,2	46,1	54,2	86,5
2015	26,9	44,1	49,4	55,6	78,5
2016	23,3	40,8	48,6	55,6	91,6
2017	23,8	40,8	45,5	54,0	84,0
2018	21,6	39,8	45,8	53,8	80,5
2019	24,5	42,2	48,3	55,4	85,2
2020	22,9	41,1	46,4	51,6	81,9
2021	23,9	44,5	55,7	55,8	73,2

Avskyting i forhold til satte mål i driftsplan:

2021	Kalv %	FK %	Kolle %	Bukk %
Skote	28	12	23	38
Målsetjing	30	15	20	35

Det er tatt ut ein kalv/ungdyrprosent på 58, som er noko lavt, vi må prøve å ta ein høgare del av uttaket på fjorskoller framover. Største bukken vog 110 kg, minste kalven vog 7 kg.

Som vi kan sjå i tabellen nedanfor skyt vi forholdsvis likt av dei ulike kjønn og aldersgrupper igjennom dei siste driftsperiodane.

Målsetjinga er å spare store, gode avlsdyr, og legge uttaket på ungdyr. Ein kan med fordel derfor legge større uttak på FK, kontra EK.

Merk at tall for Helland kom inn f.o.m. 2019, og Remme f.o.m. 2020.

Antall	Hokalv	Hannkalv	FK	SB	EK	EB
2021	17	16	14	22	28	23
2020	16	15	13	18	26	24
2019	12	20	16	20	17	17
2018	11	9	11	15	19	21
2017	7	14	13	12	21	14
2016	9	10	16	14	21	17
2015	7	14	10	12	15	11
2014	10	9	10	15	19	16
2013	11	10	11	25	21	14
2012	15	8	10	11	25	11
2011	13	13	6	12	22	12
2010	13	8	17	16	24	6
2009	11	11	12	10	24	15
2008	8	11	11	11	20	14
2007	10	14	6	9	18	18
2006	15	15	12	7	19	6
2005	9	9	6	13	13	10

Samla kjøttutbytte av hjortejakta er 5550kg, som med ein kg-pris på 75kr tilsvara kr. 416250.

Totalt i 17års perioden er det skåte 1557 dyr

Sju spissbukkar og seks fjorskoller har vorte klassa ned til kalv i år, enda 1stk fjorskolle var under grensa for nedklassing. Seks kalvar har blitt ført på storvaldet si skrapdyrkvote, men ni kalvar har vore under vektgrensa på 20kg. Med så mykje skrapdyr er det rart at vi likevel har gode år på snittvektene, spesielt på SB og FK. Aldri før har vi hatt så mange nedklassa dyr.

Under jakta har styret kontrollert 20 felte dyr utan merknad.

Dette arbeidet er for tidkrevjande, der ein bruker nesten alle kveldar i september til kontrollvekter, her må det nye rutine på plass for å lette arbeidet til styret.

Det er noko uro i enkelte av jaktfelta, styret anbefala derfor at det gjerast klare avtalar som fungera best mogleg for alle jegerane og grunneigarane på jaktfelta. Anbefala alle jaktfelt å ha eigne møter før jakta startar.

Eit jaktfelt har søkt kommunen om skadedyrløyver, og fått innvilga 4 løyver. Dette har ikkje blitt handtert gjennom storvaldet. Det kom informasjon om dette frå kommunen etter at søknaden var innvilga. Felling av skadedyr kan følgast på Fallviltregisteret.

Tilbakemelding frå kommunen er at vi kan auke avskytinga ytterlegare for å minke talet påkøyrslar.

For den som er interessert kan data for påkøyrslar finnast på Fallviltregisteret.

11 registrerte rådyr og 10 registrere påkøyring av hjort i området som også innfattar Os og starten på Grytestranda. Det er ei auke på 4 dyr i forhold til dei 17 som var registrert i 2020.

Her er det truleg nokon mørketal.



Nokon har kanskje følgt saka om hjortetråkket på Eidet.  
I.L. Ravn si frisbeegolf-bane har blitt plassert i hjortetråkket.

Storvaldet er registrert i Brønnøysundsregisteret med organisasjonsnummer 916 463 944.

Jf. Remme har ytra at dei ønsker å forlate storvaldet etter å ha vore medlem i eit år.

Storvaldet har heimeside ”www.mih.no” som har blitt oppdatert nesten dagleg gjennom heile jaktperioden.  
Ein kan diskutere om ein skal fortsette med dette arbeidet, da det er tidkrevjande, kostar litt årleg og data skal ligge på hjorteviltregisteret om jegeren har gjort jobben sin riktig. Det er også svært lite som har blitt sendt inn av bidrag de siste årene.

Vinnar av årets revekonkurransen var Lars Slyngstad.

2022 blir tredje år i fjerde driftsplanperioden.

For styret i Midtre Haram Storvald  
Anders Engeseth Leine, leiar